

Saksutredning:

STORTINGSMELDING 18 (2012-2013) "LANGE LINJER - KUNNSKAP GIR MULIGHETER" FORSKNINGSMELDINGEN

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

Saksutgreiing

- Første del av saksutgreiinga byggjer opp under tilrådinga til vedtak,
- medan andre del gjev eit visst bilet av kva forskingsmeldinga faktisk omhandlar

I politisk plattform for Vestlandsrådet står det m.a. under overskrifta «Å styrke kompetansen på Vestlandet»;

«Høg utdanning og tung forskningskompetanse er avgjerande for eit framtidsretta samfunns- og næringsliv. Vestlandsrådet vil derfor arbeide for å styrke regional forsking og utdanning og fremje samarbeidstiltak på tvers av fylkeskommunane.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er viktig å stimulere til auka samarbeid mellom forskingsinstitusjonar og arbeids- og næringsliv og til utvikling av forsking som er relevant for utviklinga i regionen. Stortingsmeldinga legg stor vekt på dette.

Dei verkemidlane fylkeskommunane sit med, er først og fremst regionalt forskingsfond og VR-fondet. I tillegg er forsking viktig for regional utvikling. Dette både som grunnlag for å få fram kunnskap for løysing av forvaltings- og utviklingsoppgåver, og som virkemiddel for å fremje utvikling og vekst. Sentralt når det gjeld det siste er eit såkalla trippel heliks perspektiv – der utvikling skapast gjennom samarbeid mellom tre viktige samfunnssektorer: næringsliv, styresmakter og utdannings- og forskingssektoren. Stortingsmeldinga legg stor vekt på dette perspektivet.

I samband med etablering av regionale forskingsfond, utarbeida alle fylkeskommunane regionale FOU-strategiar som i første rekke omfattar forskingsbehova i fylka for regional utvikling.

Dei regionale forskingsstrategiane danna grunnlag for dei såkalla bestillingane fylkestinga har gitt til styret i dei respektive regionale forskingsfonda. Slike bestillingar lagast ved starten av kvar fylkestingsperiode.

For å førebu neste vurderer fylkesrådmannen det som naturleg at fylkeskommunane samarbeider om ny forskingsstrategi før neste bestilling skal lagast.

Vidare bør det vurderast om det er aktuelt å samarbeide også på andre område innan forskingsfeltet, slik som:

- Samarbeid om innovasjonssystem og klynger på tvers av fylkeskommunane. Dette kan særleg gjelde prioriterte næringar på Vestlandet, slik som dei marine og maritime næringane, energinæringane og reiseliv.
- Innspel til ulike forskingsprogram i regi av Norges forskingsfond. Fylkesrådmannen viser her til at Vestlandsrådet har gitt uttale til forskingsprogrammet HAV21.
- Det er også viktig å sikre at regionale interesser vert hørt gjennom deltaking i forskingsstrategiske prosessar t.d. i samband med utfordring av forskingspolitikk, program og prioritering av sektorar og bransjesatsingar. Her kan Vestlandsrådet gje innspel til arbeid.

Det kan også vere andre forskingspolitiske tema som er aktuelle å vurdere.

Fylkesrådmannen rår til å starte opp eit arbeid med å vurdere om det er eit grunnlag for ein felles forskingsstrategi for Vestlandsrådet. Denne bør omfatte dei områda som er nemde ovanfor. Sak om dette leggjast fram for Vestlandsrådet i løpet av hausten 2013.

Møre og Romsdal er med i Regionalt forskningsfond Midt-Norge, mens dei tre andre fylkeskommunane er med i Regionalt forskningsfond Vestlandet. Samstundes har alle dei fire fylka i stor grad felles næringsstruktur og har mange felles utfordringar. Det må vurderast om det er grunnlag for ein felles strategi for alle dei fire fylka, eller om eit framtidig samarbeid skal følgje fondsregionane.

Det er etablert formelt samarbeid mellom kunnskapsinstitusjonar på Vestlandet, som UH-nett Vest og TeknoVest. UH-nett Vest er et formelt nettverkssamarbeid mellom fem institusjonar: Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda og Høgskolen Stord/Haugesund. M.a er forskingssamarbeid eit hovudfokus i samarbeidet. Det vil vere naturleg å ha ein dialog med UH-nett Vest i arbeid med å vurdere ein forskingsstrategi for Vestlandsrådet. TeknoVest er eit nettverk for teknologiutdanning og forsking innan naturvitenskap og teknologi på Vestlandet. I denne samanheng bør også forskingsmiljøa i Stavanger og Møre og Romsdal kontaktast.

Status for meldinga

Forskingsmeldinga vart lagt fram som tilråding frå Kunnskapsdepartementet 8. mars 2013, og godkjent i statsråd same dag. Saka er til behandling i kyrke-, utdannings- og forskingskomiteen. Det var ei stor høyring i komiteen den 8. april. Komiteen skal ha ferdig si innstilling den 3. juni 2013.

Bakgrunn for forskingsmeldinga

Meldinga går rett på «forskning og framtida». På side 121 i meldinga står fylgjande avsnitt om meldinga, omsett til nynorsk:

«Regjeringa legg til grunn at kvaliteten på norsk forsking i hovudsak er god og at Norge har eit godt utbygd forskingssystem. Meldinga varsler ingen radikale omleggingar, men går inn for å styrke norsk forsking med utgangspunkt i dagens struktur.

Måla som blei etablert i St.meld. nr. 30 (2008 – 2009) *Klima for forsking* ligg fast. Regjeringa held fast på at dei samla norske FoU-utgifter på sikt skal utgjera 3 prosent av BNP, der dei offentlige løyvingane til forsking skal utgjera om lag 1 prosent.

Høgare utdanning og forsking er sentrale verkemiddel i vår framtidige omstillingsevne. Regjeringa vil halda fram å auka løyvingane til forsking i åra framover. Veksten skal bidra til å realisera dei ni forskingspolitiske måla og stimulera til auka FoU-innsats i næringslivet.

Meldinga varsler at det skal utarbeidast ein langtidsplan for norsk forsking og høgare utdanning. Regjeringa tek sikte på å legge fram *Kunnskap 2020 – en langtidsplan for forsking og høgare utdanning* i samband med Kunnskapsdepartementet sin budsjettproposisjon for 2015. Planen skal gjelda for 10 år og rulleras kvart fjerde år.

I meldinga blir heilskapen i regjeringa sin forskingspolitikk og ein retning for vidare politikkutvikling presentert. Det blir også presentert ei rekke tiltak på einskildområde. Fleire av tiltaka gjeld evalueringar av viktige verkemiddel og gjennomgang av særskilte område.

Mellom anna varsler meldinga ein heilskapleg gjennomgang av finansieringa av høgare utdanning og forsking og eit enklare system for finansiering for forskingsinstitutta. Regjeringa vil koma attende til forslag om konkretisering og iverksetting av dei tiltak som har budsjettmessige konsekvensar, i samband med dei årlige budsjettforsлага.» *Kunnskapsdepartementet, 8. mars 2013*

Om meldinga

Fyrst er det eit føreord, *forskning for framtida*, som handlar om kvifor forsking er viktig, om at regjeringa har høge ambisjonar, om kopplinga til høgare utdanning, at det er viktig med kvalitetsforskning, om internasjonalisering, at det er eit viktig prisnipp at forskarane i høg grad får styra kva dei skal forska på, at forsking er langsiktig, at noko forsking også må vera kortsiktig, om kva forsking handlar om, om humankapitalen som utgjer 80 prosent av vår nasjonalformue, om kor viktig det er å investera i forsking, og at forskingsmeldinga er ein av tre meldingar som Kunnskapsdepartementet skal legge fram våren 2013.

Kapittel 1 er *samandrag*. Samandraget startar med å seia at det norske forskingssystemet funger godt, men at det finst forbetringspotensiale innanfor følgjande 4 område:

- Auka kvalitet på forskinga, og fleire forskings- og utdanningsmiljø i internasjonal toppklasse.

- Betre tilrettelegging for dristigheit og fornying i forskingssystemet, og i utvikling av næringsliv og offentleg sektor.
- Sterkare internasjonalisering og betre samanheng mellom nasjonal og internasjonal verkemiddelbruk.
- Betre samspel om utvikling og bruk av kunnskap.

Vidare står det om dei ni målsetjingane for forsking som blir vidareført frå St.meld. nr 30 (2008-2009) Klima for forsking, og kva som skal til for å nå desse måla:

- Eit velfungerande forskingssystem
- Høg kvalitet på forskinga
- Høg grad av internasjonalisering
- Effektiv utnytting av forskingsressursane og – resultata.
- Auka løyingar til forsking => auka FoU-innsts i næringslivet => 3% av BNP er eit mål (1% frå det offentlege og 2% frå næringslivet).
- Langsiktige planar, tid og stabile rammer => langtidsplan frå 2015

Det viktigaste strategi-stikkordet i meldinga er samspel. Meldinga legg opp til mange typar samspel, skildra i eigne kapittel, med delmål for kvart samspel. Strategiane er:

- Kap 3. Samspel og kunnskapsflyt
- Kap 4. Internasjonalt samspel
- Kap 5. Samspel og kompetanseutvikling
- Kap 6. Samspel for innovative løysingar
- Kap 7. Ein attraktiv forskarkarriere
- Kap 8. Profilering for kvalitet
- Kap 9. Eit velfungerande forskingsråd

Det blir for omfattande å gå inn i alle desse strategiane i denne saka.

Kapittel 2 er *måla for politikken*. Her står det først noko om mangfaldet av forskingsaktørar i Norge. Samla var det nytta over kr 46 mrd til forsking i 2010, og 65.000 personar var FoU-personale. Omtrent 27 % av forskinga skjer ved universitet og høgskular, 6 % i helseføretaka og 25 % i forskingsinstitutt. Næringslivet utfører omtrent 44 % av forskinga.

Forskningspolitikken skal rettast inn mot 5 strategiske mål:

1. Løysingar på globale utfordringar, særleg innanfor miljø, klima, hav, matsikkerheit og energi.

2. God helse, mindre sosiale helseskilnader og helsetenester av høg kvalitet.
3. Forskingsbasert velferdspolitikk og profesjonsutøving i velferdstenestene.
4. Eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet.
5. Næringsutvikling innanfor områda mat, marin, maritim, reiseliv, energi, miljø, bioteknologi, IKT og nye material / nanoteknologi.

For å nå dei 5 strategiske målsetjingane vart det sett som mål at Norge skal ha:

6. Eit velfungerande forskingssystem
7. Høg kvalitet i forskinga
8. Høg grad av internasjonalisering i forskinga
9. Effektiv utnytting av forskingsressursane og – resultata.

Måla er av ein slik karakter, at ein ikkje kan seia at dei er oppfylt, står det i meldinga. Rapporteringa på status for kvart mål, er i hovudsak rapportering på typar aktivitetar og ulike program og ordningar, som bygger opp under dei ulike måla.

Vedlegg 1 i meldinga er ei interessant oppstilling av dei ulike departementa sitt arbeid med forsking og kompetanse.

Forslag til vedtak:

- Vestlandsrådet tek «Forskingsmeldinga 2013», melding til Stortinget nr 18, 2012-2013, «Lange linjer, kunnskap gir muligheter» til orientering.
- Vestlandsrådet ber om å få seg førelagt ei sak om ein forskingsstrategi. Det skal her vurderast om det er grunnlag for ein felles strategi i samband med neste bestilling til styra for dei regionale forskingsfonda. Vidare skal det vurderast om det er grunnlag for samarbeid om andre forskingspolitiske problemstillingar. Det skal takast kontakt med UH-nett Vest og Tekno-Vest i dette arbeidet samt forskingsmiljøene i Stavanger og Møre og Romsdal.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.